



Arne Gjellan fekk blomar for innsatsen

Arne Gjellan takka i kveld av som leiar av KrF i Kvinnherad, etter 4 år i vervet.

Årsmøtet som vart halde i KV i Uskedalen

valde ingen ny leiar fordi det nye styret skal konstituera seg sjølv, I dette sit Leif Kongestøl, Otto Benjaminson (ny), Frøydis Sjo, Hildegunn Eiane Aarthun (ny), Marit Lindekleiv og Marit Elisebet Totland.

Gjellan fikk blommar av Totland og kvitterte med å karakterisera partiet som ein fantastisk verkstad.

Om den nye partileiar Knut Arild Hareide skreiv Gjellan at han framstår med tyngde og god profil i media og parti-samkomer.



Styret etter valet i kveld. Bak står Leif Kongestøl og Otto Benjaminson. Foran frå venstre Frøydis Sjo, Hildegunn Eiane Aarthun, Marit Lindekleiv og Marit Elisebet Totland

Det heiter ellers i årsmeldinga at 2012 var eit spennande og krevjande år for styret og gruppa, som har kjempa godt for å få gjennomslag for kjernesaker i alle politiske organ.

Blant mange positive løft vert starten av det nye KrFU trukke fram saman med god respons på utspel i skjenkjepolitikken og på realisme og måtehald i den økonomiske politikken. Gjellan skriv også at laget har vist evne til å kommunisera og lage gode løysingar med andre parti.

Det var vedteke 3 uttaler under årsmøtet. Ein av dei galdt skulestrukturen og KrF meiner at hvis elevar vart overflytta til annan skule for at kommunen skal få lågare driftsutgifter, må ein framskunda nødvendig tilrettelegging av skulebygga for å gje plass til elevane på skulane dei vert flytta til.

I ein kommune som vår er det ikkje naturleg å ha skular som er større enn det som tidlegare er tilrådd som det maksimale elevtalet. Gruppeleiar Marit Elisebet Totland opplysar at dette talet er 450 og har denne kommentaren til uskedalen.no: - Så store skular vil vi ikkje ha.

I ei uttale om farleg last ber partiet fylkeskommunen om å stilla krav til Norled om forskriftsmessig slokkeanlegg som sikrar overfarten og gjer næringsliv og pasasjerar føreseielege og trygge ferjetilbod.

Endeleg held årsmøtet fram at unge som får problem bør få eit tilbod knytt opp mot Valen gard. Det er når ein eventuelt skal godta salsvilkåra for garden at slike rettar kan sikrast, vert det understreka

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen